

STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR  
NATURFORSKNING NINA  
v/Arild Landa  
Postboks 5685 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Dato: 09.05.2018  
Vår ref.: 2018/232-24  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

## Tilskot til viltformål 2018 – Tilsegn om tilskot inntil kr 35 000 til prosjektet Raudrev på Hardangervidda

Det vert vist til dykkar søknad under den statlege tilskotsordninga til viltformål, kap. 1425 post 71. Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling, i møte 24.04.2018.

**Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 35 000 til prosjektet «Raudrev på Hardangervidda».**

Tilsegna gjeld til dato. 15.02.2019.

Søknaden sitt referansenummer i Elektronisk søknadssenter ved Miljødirektoratet: 18SC281D

### 1 Prosjektgrunnlag

Vi legg til grunn opplysningane i søknaden med vedlegg. NINA skal fortsetje arbeidet med å få eit mål på tal raudrevar i høve til fjellrev i Hardangervidda-området. Dette vil gje moglegheit til å kunna vurdere utsetjingsmetodikk for fjellrev og eventuelle tiltak. Innsamla data vil òg nyttast i det NFR-støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gje råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av landskap og artssamansetjing. For 2018 er det søkt om tilskot til prosjektet på totalt kr 175 000 kr, derav kr 75 000 til DNA-analyser av raudrev, og resten løns- og reise-/transportkostnader. Det er søkt kvar av fylkeskommunane/fylkesmannen i Buskerud, Telemark og Hordaland om kr 35.000.

### 2 Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg/tilsegnsmottakar: Norsk institutt for naturforskning. Org.nr. 950037687

Prosjektleiar: Arild Landa [arild.landa@nina.no](mailto:arild.landa@nina.no)

### 3 Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

#### Godkjende kostnader

Løn (eiga)	kr	60 000
Løn (leigd)	kr	20 000
Transport (kjøring)	kr	20 000
Diverse utgifter	kr	5 000
DNA-analyser raudrev	kr	70 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>175 000</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Eigne midlar	kr	70 000
Andre fylkeskommunar (regionalt viltfond)	kr	70 000
Hordaland fylkeskommune 2018, budsjettområde 160.404	kr	35 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>175 000</b>

**4 Vilkår for tilskotet**

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende det til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad/prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake snarast.

**Profilering**

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

**Rapportering**

- Mottakar av tilskot **skal** innan søknaden om sluttutbetaling levere sluttrapport og sluttregneskap i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, jf. krav i [Forskrift om tilskudd til viltformål § 4](http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4) (<http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4>).
- Mottakar av tilskot **skal** så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttregneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
  - ◇ Bakgrunn for prosjektet
  - ◇ Mål med prosjektet
  - ◇ Oppnådde resultat
  - ◇ Vurdering mot oppsette mål
  - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon med vidare)
  - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

**Utbetaling**

Mottakar av tilskot skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttregneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

For utbetaling av tilskot må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnr.: 2018/232

I feltet «Deres referanse»: 16534

Meir informasjon finn de her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

## 5 Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement § 10.

## 6 Klage/innsyn i dokumenta

Søknaden sin referanse i Elektronisk søknadssenter ved Miljødirektoratet: 18SC281D

Lenkje til saksframlegg med søknadsvurdering: <https://bit.ly/2I0KDWi>

Lenkje til saksprotokoll (vedtak): <https://bit.ly/2KmxbtY>

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 7 Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, [jomar.ragnhildstveit@hfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@hfk.no), telefon: 976 66 576.

Fylkeskommunen ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema  
Sluttrekneskapsskjema

**Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.**

## AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2018

Prosjektnamn: Raudrev på Hardangervidda	Tilsegnnummer: 2018/232-24
Tilskot inntil kr: 35 000.	
Tilskotet gjeld til: 15.02.2019	Vår referanse: 2018/232

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Tilsegnsmottakar: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

Org. nr.: \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post: \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signatur:..... Stad:..... Dato:.....

Prosjektansvarleg

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

## SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

### Tilskot til viltformål 2018

Prosjektnamn: Raudrev på Hardangervidda	Tilsegnnummer: 2018/232-24
Tilskot inntil kr: 35 000.	
Tilskotet gjeld til: 15.02.2019	Vår referanse: 2018/232

**Fyllast ut av tilseingsmottakar:**

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

**SLUTTREKNESKAP:**

**Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).**

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ dato

\_\_\_\_\_ signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ dato

\_\_\_\_\_ signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen